# Vekeplan 10. trinn Veke 36 og 37

| LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN: | |
|---|---|
| **Utdanningsval** | • Skaffa seg BankID + læra sentrale omgrep om utdanningsystemet vårt. |
| **Norsk** | • Elevane skal kjenna til dei ulike reformene og forklare den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk<br>• Elevane skal utforska språkleg variasjon og mangfald i Noreg |
| **Engelsk** | • Reading, writing and speaking about making choices<br>• Using the future tense<br>• Using writing strategies |
| **Matematikk** | • Trekka saman brøkuttrykk<br>• Multiplisera polynom med kvarandre |
| **Samfunnsfag** | • Kjenna til nokre hovudtrekk med det politiske systemet i Noreg<br>• Kjenna til ulike politiske parti i Noreg<br>• Forstå hovudskilnadane mellom dei politiske partia<br>• Vita kva for nokre oppgåver dei politiske partia har i det demokratiske systemet vårt |
| **KRLE** | • Utforska etiske idear frå sentrale skikkelsar i filosofihistoria og bruka ideane til å drøfta aktuelle etiske spørsmål<br>• Identifisera og drøfta etiske problemstillingar knytta til menneskerettar, berekraft, fattigdom og ulike former for kommunikasjon |
| **Naturfag** | • Gjera greie for korleis organismar skaffar seg energi ved celleanding<br>• Forklara korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen |
| **Kunst og håndverk** | • Samanlikna og vurdera ulike retningar og tradisjonar innanfor to- og tredimensjonal kunst<br>• Designa produkt ut frå ein kravspesifikasjon for form og funksjon<br>• Bruka ulike funksjonar i biletebehandlingsprogram<br>• Skildra ulike løysingsalternativ i design av eit produkt ved hjelp av skisser og digital programvare |
| **Spansk** | • Repetisjon om å fortelja kva du og andre gjer<br>• Repetisjon om å fortelja kva du og andre skal gjere<br>• Repetisjon om å fortelja kva du og andre har gjort og stadar de har vore.<br>• Meir om folkefestar og tradisjonar i Spania |
| **Tysk** | • Kunna snakka og skriva om årstider og aktivitetar<br>• Læra korleis me bruker "bleiben" og "werden"<br>• Repetisjon av grammatikken |
| **Eng fordj** | • Bruka sterke verb<br>• Samtala om kriminalitet og kvifor kriminelle handlingar blir brukte i populærkulturen<br>• Presentera ein kriminal-case |
| **Arbeidslivsfag** | • Planlegga praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag<br>• Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav |
| **Musikk** | • Me speler blues! Målet no er at du skal forstå at du må arbeida hardt i timane for at du skal ha utvikling. |
| **Friluftsliv** | • Planlegging og gjennomføring av tur |
| **Design** | • Kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikle dei til eigne produkt. |
| **Trafikk** | • Bli kjent med trafikken der du bur og kome med forslag til korleis ein kan gjere den tryggare |

| Olweus | • Mobbereglane: Hugsar vi dei? Brukar vi dei? |
|---|---|

| INFORMASJON TIL HEIMEN |
|---|
| **Foreldremøte 10.09.25**<br>Onsdag 10.09 skal me halde det første foreldremøtet for 10.trinn. Me skal vere i Aulaen og me startar kl. 18. Først vil det vere ein fellesdel, før de går til klassane.<br><br>**Utdanningsval veke 39**<br>I veke 39 blir det ikkje vanleg undervisning. Elevane skal fordjupe seg i eit utdanningsprogram frå den vidaregåande skulen, slik dei gjorde i vår. No skal dei fordjupe seg i eit anna av dei 15 utdanningsprogramma. Elevane må skaffe seg arbeidspraksisplass, og denne skal vera relevant i høve til utdanningsprogrammet elevane fordjupar seg i, og i tillegg gje eleven NYE erfaringar.<br><br>Helsing oss på 10.trinn |

| VURDERINGAR | |
|---|---|
| **Veke** | **Fag, innhald** |
| 37 | Norsk: skriveøkt 1. og 2. time onsdag, hovudmål |
| 38 | Norsk: heildag, sidemål |
| | KRLE: skriftleg vurdering |

| HEIMEARBEID VEKE 36 | |
|---|---|
| **Utdanningsval** | Sjekk om du har BankID (evt. MinID). Dersom du ikkje har det, ta kontakt med banken din denne veka og skaff deg dette.<br>Skriv vidare på omgrepslista i OneNote og lever inn dei fire siste på Teams. Lær deg alle orda. Øv saman med føresette, for dei må òg kunne desse orda. Orda så langt er: Studiespesialisering, studieførebuande/studieforberdende, yrkesfag, læretid, fagprøve, fagbrev, påbygg. |
| **Norsk** | Les i leseboka di i minimum 20 minutt. Lesinga skal loggførast.<br><br>Les side 250-257 i boka “Kontekst” og skriv oppsummering til overskriftene “språkleg mangfald”, “samiske språk”, “samisk tradisjon, kultur og språk”, “nasjonale minoritetsspråk” og “norsk teiknspråk”. |
| **Engelsk** | Use the vocabulary wheel on p. 28 in Stages 10.<br>Write a conversation where you use 6 or more different words from the wheel.<br>Hand in on OneNote. |
| **Matematikk** | **Repetisjonoppgåver**<br>Oppgåvboka s. 42, oppg. 1, 2 og 3<br>Ta bilete av oppgåvene og lever på ON – Heimearbeid – Veke 36 |
| **Samfunnsfag** | Les “Storting og regjering” på aunivers.no. Svar på oppgåvene under på OneNote.<br>1. Kva for nokre viktige oppgåver har Stortinget?<br>2. Kva er skilnaden på ei fleirtalsregjering og ei mindretalsregjering?<br>3. Kva meiner vi med *parlamentarisme*?<br>4. Kva for nokre viktige oppgåver har regjeringa?<br>5. Kva er skilnaden på eit indirekte demokrati og eit direkte demokrati? |

| | |
|---|---|
| | 6. Kva for nokre parti er dei eldste i Noreg? Gi også døme på ganske nye parti.<br>7. Kva er eit fleirpartisystem? |
| **KRLE** | Les side 264-266 i " Store spørsmål" og svar på oppgåve 1-3, 6 og 7 på side 266. |
| **Naturfag** | Forklar det naturlege karbonkretsløpet med ei forenkla teikning i skriveboka di.<br><br>Ta bilete av teikninga og lever på ON – Vekearbeid – Veke 36 |
| **Tysk** | Leksesjekk på torsdag, jobb med gloser. Sjå ON heimearbeid (Woche 36) |
| **Eng fordj** | Jobb med sterke verb (make – run). Tabell finn du under heimearbeid, og fasit lagar me på innhaldsbiblioteket på tysdag. Test på torsdag. |
| **Musikk** | Hardt arbeid i timane vil gje deg framgang på instrumentet ditt. Dersom du ikkje har god framgang i timane, må du øve utanom timane. |
| **Friluftsliv** | Møt i klasserommet- planlegging av overnattingstur |

| **HEIMEARBEID VEKE 37** | |
|---|---|
| **Utdanningsval** | Fekk du starta prosessen med å skaffe deg BankID (evt. MinID), slik leksa var i sist veke?<br>Skriv vidare på omgrepslista i OneNote og lever inn dei fire siste på Teams. Øv saman med føresette, slik at du og dei føresette kan dei. Omgrep nr 9 -12 er fagskule, y-vegen, realfag og SSØ. |
| **Norsk** | Les i leseboka di i minimum 20 minutt. Lesinga skal loggførast.<br><br>Førebu deg til skriveøkt. |
| **Engelsk** | 2 minutes: Explain orally what you think about *free parenting*. What are the pros and cons? Hand in on OneNote. |
| **Matematikk** | **Algebra**<br>Oppgåveboka s. 9, oppg. 1.107, 1.108 og 1.109<br>Ta bilete av oppgåvene og lever på ON – Heimearbeid – Veke 37 |
| **Samfunnsfag** | Korleis vart resultata frå Stortingsvalet? Lag ei kort oppsummering. Du skal:<br>• Fortelje kven som fekk fleste stemmer<br>• Skriv litt om kva for parti som gjekk mest fram og tilbake<br>• Reflekter kort over kva resultatet kan bety for politikken vidare<br><br>Ver kjeldekritisk, og oppgje kjeldene du nyttar. |
| **KRLE** | Førebu deg til prøve |
| **Naturfag** | Søk opp «det korte karbonkretsløpet».<br>Teikne det korte karbonkretsløpet saman med teikninga av det naturlege karbonkretsløpet frå veke 36. Ta bilete av teikninga og lever på ON – Vekearbeid – Veke 37. |
| **Tysk** | Bli ferdig med oppgåvene me byrja på i tysktimen på tysdag. Repeter (pugg) reglane. |
| **Spansk** | Øv på minisamtale om kva du har gjort i helga (2-3 setningar). |
| **Eng fordj** | Jobb med sterke verb (saw – shine). Tabell finn du under heimearbeid, og fasit lagar me på innhaldsbiblioteket på tysdag. Test på torsdag. |
| **Musikk** | Hardt arbeid i timane vil gje deg framgang på instrumentet ditt. Dersom du ikkje har god framgang i timane, må du øve utanom timane. |

| | |
|---|---|
| | |
| **Friluftsliv** | Sjå teams |

**Bryne ungdomsskule**